



Sogn lokalmedisinske senter er ein realitet

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) vart offisielt opna den 02.03.15. Senteret består av

- Interkommunal legevakttelefonentral (for 7 kommunar)
- Interkommunal legevakt (for 3 kommunar)
- Døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp (for 4 kommunar)
- Felles kreftkoordinator (for 3 kommunar)



Dei kommunale tenestene er lokalisert til Lærdal sjukehus, og det er lagt opp til eit tett samarbeid med spesialisthelstenestene.

M.a. skal Helse Førde bidra med pleietenester og ein del støttefunksjonar.



I prosjektarbeidet har det vore eit godt samarbeid mellom kommunane og Helse Førde, og alt ligg til rette for god samhandling til beste for pasientane framover.

Saman om forskning


På same måten som spesialisthelsetenestene ønskjer kommunane ei kunnskapsbasert utvikling av helse- og omsorgstenestene. I dag er det spesialisthelsetenestene som er mest involvert i forskning og som det blir forska mest på. Det er ingen grunn til at det skal vere slik, sidan kommunehelsetenestene er like viktige. Med endringane i helse- og omsorgstenestelova kom det også eit krav om at kommunane skal medverke til og tilrettelegge for forskning.



Det er utfordrande for enkeltkommunar å følgje opp dette kravet. Samarbeid må til. Det er no starta opp eit prosjekt der det skal utgreiast korleis eit samarbeid mellom kommunane, Helse Førde og Høgskulen kan etablerast. Dette er forankra i ein forpliktande delavtale mellom partane om forskning og utdanning. Det første møtet i prosjektgruppa, som har representantar frå alle aktuelle partar, var den 26.02.15. Anette Wolff er prosjektleder.

Mellombels løysing for kommunale funksjonar ved Førde sentralsjukehus

Kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn skal samarbeide om legevakttelefonentral, legevakt og døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp. Desse funksjonane skal leggjast til eit nytt bygg ved Førde sentralsjukehus. Det nye bygget vil ikkje vere ferdig før sommaren 2017. For å oppfylle kravet om kommunalt døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp frå 01.01.16, er det difor planlagt ei mellombels løysing inne på sjukehuset. Dette er utgreidd i eit eige prosjekt, og partane er samde om at lokala til tidlegare AMK i 1. etasje og tilgrensande areal (nær dagens legevakt og akuttmottak) vil vere godt eigna. Etter at rapporten for prosjektet var ferdig, oppsto det ei ny utfordring, sidan rom avsett til legevakttelefonentral synest å vere for lite for dei 3 operatørplassane som det skal vere rom for. Dette blir no drøfta.



Betre akutthjelp innan psykisk helsevern i Nordfjord

Kommunane i Nordfjord (Stryn, Hornindal, Eid, Selje, Vågsøy og Gloppen) og Helse Førde skal samarbeide om å sikre eit døgntilbod som kan gje psykiatrisk og rusfagleg hjelp til dei som treng akutthjelp.

Tilbodet består av legevakta ved Nordfjord sjukehus, ambulant team ved Nordfjord Psykiatrisenter og kriseplassar ved psykiatrisenteret. Planen har vore å styrke det ambulante teamet med fire stillingar for å kunne vere tilgjengeleg heile døgnet, og kommunane finansierer to av desse stillingane. Tilbodet vert samlokalisert med den kommunale legevakta. Tilbodet starter i mai 2015 og skal prøvast ut i eitt år.

Samhandlingskonferansen 2015

[Samhandlingskonferansen](#) går i år over to dagar, den 08. – 09.04., i Førde (Scandic Sunnfjord hotell. Det er aktuelle tema og gode innleiarar.

Første dag av konferansen har fått overskrifta «frå nasjonale planar til lokal handling» og tek føre seg nasjonale planar og føringar som det er viktig å vere oppdatert på. Det vil m.a. dreie seg om status i samhandlingsreforma, siste nytt når det gjeld nasjonale planar og meldingar, kommunal tilrettelegging for forskning og kva som skjer på folkehelseområdet. Korleis vi lokalt må jobbe for å følgje opp, står sentralt.



Dag to vil dreie seg om korleis det står til med «kultur for samhandling». Dette blir belyst frå fleire innfallsvinklar og for fleire ulike område. Denne dagen blir underhaldande, men vil også gje rom for læring og ettertanke.

Målgruppa er politisk og administrativ leiing i kommunane, leiarar, helsepersonell og andre tilsette i kommunale helse- og omsorgstenester og i spesialisthelsetenesta, og i tillegg andre interesserte.

Påmelding på KS sine nettsider: <http://www.ks.no/Aktivitetskalender/Sogn-og-Fjordane---Samhandlingskonferansen-2015/> (Tilsette i Helse Førde melder seg på i Læringsportalen).

Fylkesmannen dekker utgiftene for to deltakarar frå kvar kommune. Bindande påmelding innan 23. mars 2015.

Fagforum for legar

Ordninga med fagforum for legar (to samlingar i kvart lokalsjukehusområde i året) er lagt ned. Årsaka er manglande deltaking frå legane i kommunane og sjukehusa. Fagrådet handsama saka den 05.02.15 og konkluderte slik:

Fagrådet går inn for at ordninga med fagforum for legar blir lagt ned i noverande form og at praksiskonsulentane nyttar andre eksisterande fora for å skape møteplassar mellom fastlegane og legar i Helse Førde. Døme på dette kan vere møte i tilknytning til dei halvårlege legevaktmøta i Nordfjord. Fagrådet oppmodar dei andre legevaktene til å arrangere tilsvarande møte. Det må etablerast ei ordning for kommunal finansiering.

Regionale dagsamlingar om avvikssystemet

Det er planlagt tre regionale dagsamlingar i høve felles ordning for melding av avvik/uønska hendingar som gjeld samhandling:

Onsdag 18.03.15	Nordfjord – ved Nordfjord psykiatrisenter
Tysdag 24.03.15	Sogn – ved Indre Sogn psykiatrisenter.
Onsdag 25.03.15	Sunnfjord og ytre Sogn – i Førde rådhus

Felles ordning for avvik og avvikshandtering innan samhandling
mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane
Invitasjon til regionale dagsamlingar

For å kunne følgje opp avtalte tiltak og rutinar og fange opp systemsvikt som må korrigerast, er det svært viktig at denne ordninga fungerer. Så langt er det lite påmelding til samlingane, og med dette vert det oppmoda om at både kommunane og avdelingar i Helse Førde gjer ei ny vurdering av deltaking.

Aktuelle kurs og konferansar

Koordineringsrådet har møte den 20.03.15. Det vert teke sikte på dialogmøte mellom styret i Helse Førde og politisk leiing i kommunane den 22.05.15 etter styremøtet i Helse Førde, tentativt kl 12 – 16.